

STATENS UTDANNINGSKONTOR I ROGALAND

TILBAKEMELDING FRÅ KOMMUNEBESØK I FINNØY KOMMUNE 9. MAI 2000

Innleiing

Statens utdanningskontor var på kommunebesøk i Finnøy kommune 9. mai 2000. Utdanningskontoret sitt føremål med slike besøk er å fremje dialog og kontakt og å få konkret kunnskap om skolesituasjonen i kommunen. Med utgangspunkt i ny opplæringslov og arbeidet med innføringa av L97 blei det sett fokus på forsøks- og utviklingsarbeid og kvalitet/kvalitetssikring. I forarbeidet til besøket hadde Finnøy kommune planlagt detaljane i programmet saman med utdanningskontoret. Utdanningskontoret er godt nøgd med førearbeidet.

Besøket blei noko annleis enn det ordinære opplegget utdanningskontoret nyttar for kommunebesøka i denne runden. Besøket var ein del av oppfølginga av Finnøy-prosjektet. Det var laga eit førebels notat som var utgangspunkt for samtalen med skolefagleg ansvarleg, pedagogisk konsulent og rektorane. I samtalen drøfta ein opplegget og gjennomføringa av oppfølginga.

Følgjande deltok ved kommunebesøket i Finnøy:

Ordførar Jorunn Strand Vestbø

Varaordførar Ottar Sandanger

Rådmann Magne Kongsvik

Leiar av OKO Malvin Sandanger

Skolesjef Reidulf Vignes

Konsulent Sigurd Riisa

Tillitsvalt frå lærarlaget Bente Tjelta

Leiar av musikk- og kulturskolen Anders Aabø,

Rektorane deltok på ein del av møtet. Rektorar som var med :

Finnøy sentralskule Jostein Østhus

Åse Mjøltnes, inspektør

Sjernerøy Solveig Mjøltnes Hatletvedt

Halsnøy Kirsten Elin Bergsvik

Talgje Ingebjørg Vignes

Fogn Johannes Hovda

frå utdanningskontoret:

Utdanningsdirektør Sigmund Sunnanå

Rådgiver Audun Gjerde og 1. konsulent Siri Malmstrøm

Oppfølging av Finnøy-prosjektet

Skolesjefen i Finnøy tok hausten 1999 kontakt med utdanningskontoret om oppfølging av Finnøy-prosjektet 1997. Utdanningskontoret reagerte positivt og starta planlegging saman med skolesjef, pedagogisk konsulent og hovduttillitsvalt i kommunen.

Oppfølginga skulle gå inn som ein del av kommunebesøket. Departementet gav midlar til oppfølginga. Våren 2000 sende kommunen rapportar, planar og eigenvurderingar til utdanningskontoret. I perioden veke 13 – 17 blei skolebesøka og besøk på skolekontoret gjennomført.

Mål for oppfølginga:

Frå utdanningskontoret si side:

- *Å sjå om ekstern vurdering set i gang prosessar som fører til endringar i forhold til sentrale intensjonar i L-97.*

Frå etatsleiinga i Finnøy si side:

- *Å avdekkje om det har skjedd ei utvikling ved skolane med utgangspunkt i dei eksterne vurderingane i 1997. Var vurderingane bryet verdt?*
- *Få fram generell dokumentasjon om stoda på skolane*
- *Kvalitetssikre verksemda*
- *Hjelpe skolane til å få eit meir medvete tilhøve til eiga verksemd, og stimulere til utvikling*

Under kommunebesøket blei gjennomføringa av oppfølginga drøfta med rektorane, hovudtillitsvalt, skolesjef og pedagogisk konsulent. Det blei gjeve ei brei tilbakemelding som vil vere nyttig for utdanningskontoret i utarbeidinga av sluttrapporten for oppfølginga. Vi fekk avklart korleis sluttrapporten skal brukast og korleis skolane skal få og gje tilbakemelding på ei førebels vurdering frå utdanningskontoret. Det blei fastsett ein framdriftsplan for utarbeiding av sluttrapporten. Vi diskuterte innhald og form på rapporten for at den skal kunne bli eit verktøy både for kvar av skolane og for leiinga av skolesektoren i Finnøy. Skolane gav tilbakemelding om at rapportane frå 1997 hadde vore lite brukte.

Metode for oppfølginga

Rektorane tok fram følgjande som positivt om metoden for oppfølginga:

- at det var dei same to personane som vurderte alle skolane
- at oppfølginga byggjer på erfaringane frå 1997
- at lærarane var meir "avslappa" til å delta i vurderinga
- at kommunen sin handlingsplan frå 1997 skulle vurderast
- at skolane gjennomførde eigenvurdering
- at sjølve forma var positiv

Hovudtillitsvalt hadde inntrykk av at lærarane likte metoden betre enn den som blei brukt i 1997.

Rektorane tok fram følgjande som negativt om metoden for oppfølginga:

- at det ikkje var retningslinjer for utveljing av dei som skulle intervjua
- at nokre syntest det blei for lita tid
- at det ikkje var ein observasjonsdel av elevar og lærarar i praktisk arbeid.

Kommunen/skolane sitt førearbeid til skolebesøka

Alle skolane og skolesjefen hadde vurdert handlingsplanen som skoleetaten laga etter rapporten i 1997 og gjort opp status i forhold til dei 17 punkta for utvikling i handlingsplanen. Skolane hadde også vurdert seg sjølv ut frå områda og kriterium frå 1997. Skolekontoret hadde vurdert skolane i Finnøy samla. Både rektorane og skolesjefen var

positive til eigenvurderinga og såg på den som nyttig. Skolane kunne ønskt seg meir tid til arbeidet.

Skolesjefen uttrykte ønskje om ei sentralt utarbeidd kriteriehandbok for skolevurdering.

Bruk av innsamla informasjon i vurderinga av skolane og skolesektoren i Finnøy

Den eksterne vurderinga av skolane i Finnøy i 1997 vart avslutta med ein rapport. Ut frå denne rapporten sette skolesjefen opp ein handlings- og tiltaksplan med 17 punkt. Skolestyret vedtok planen med nokre mindre korrigeringar. Kommunestyret gjorde følgjande vedtak: ”Kommunestyret tek saka til orientering. Kostnad til drift og investering vert vurdert i samband med budsjett og økonomiplan”.

Utdanningskontoret ønskte, som ein start på oppfølginga, at skolane saman med skolesjefen sette opp ein statusrapport i forhold til handlings- og tiltaksplanen frå 1997. Denne statusrapporten saman med årsmeldingar og planar gav utdanningskontoret eit godt bilete av ”Finnøyskolen”. I tillegg vurderte skolane seg sjølve, gjennom skriftleg dokumentasjon, ut frå dei fire områda og kriteria frå 1997. Besøka på skolane i oppfølginga 2000 blei gjennomførte ved intervju av rektor, lærarar, elevar og foreldre. Spørsmål blei stilt for å få utfyllande informasjon om kor langt kvar skole hadde kome i arbeidet med dei fire områda og kvalitetskriteria frå 1997.

Den innhenta informasjonen vil bli samanstillt for å få så fullstendig bilete som mogleg av kvar skole og skolekontoret sitt arbeid. Utdanningskontoret vil arbeide vidare med informasjonen og vurdere utviklinga som har skjedd.

Fleire av lærarane opplevde at det var for kort tid til intervju. Dei stilte seg spørjande til kor mykje utdanningskontoret fekk ut av intervju sidan det berre var tid til avklaring av sentrale omgrep. I planen utdanningskontoret har for samanstilling av informasjon er nettopp omgrepsavklaring viktig sett i samanheng med skolen si eigavurdering av arbeidet på dei fire områda.

Gjennomføringa av skolebesøka og besøk på skolekontoret

Frå utdanningskontoret var det Siri Malmstrøm og Aud Irene Bjørløw som gjennomførte alle skolebesøka. Representantane frå utdanningskontoret opplevde at alle skolane hadde område dei var komne langt med, men at dei også hadde klare utviklingsområde. Skolane er svært ulike. Kvar skole fungerer og utviklar seg ut frå samspelende faktorar. Vektinga av dei einskilde faktorane, opplevinga av kva som er viktig og kva skolane vil satsa på, er ulikt frå øy til øy og frå skole til skole. Alle skolane held seg til lov og forskrift og har kome rimeleg langt med implementeringa av L97.

Besøka på skolane blei gjennomførte ved ein halv dag på kvar skole (heil dag på sentralskolen). Det var særleg interessant å møte elevar og foreldre.

Avklaringar om bruk av interne arbeidsnotat og sluttrapport og form/innhald på sluttrapporten

Vi blei einige om:

- Utdanningskontoret sender eit internt arbeidsdokument til kvar skole med vurdering av skolen - der området leiing også blir tatt med. Skolesjefen får kopi.

- Skolane gir utdanningskontoret tilbakemeldingar på det interne arbeidsdokumentet.
- Sluttrapporten byggjer på dei interne arbeidsdokumenta med skolane sine kommentarar.

Rektorane og HTV meinte at utforminga av rapporten ikkje ville spele noko avgjerande rolle for om skolane kom til å bruka rapporten som eit styringsverktøy. Det var viktigare at skolekontoret følgde opp resultatane i rapporten og aktualiserte resultatane ovafor skolane.

Førebels vurdering ut frå dei måla som var sette for oppfølginga

Skolesjefen og rektorane sine vurderingar av "Finnøy-prosjektet" 1997 og oppfølginga så langt i forhold til dei måla som var sette for oppfølginga:

- vurderingsprosjektet har vore av verdi for utviklinga av "Finnøyskolen"
- prosjektet har vore viktig fordi sentrale tema vart sette på dagsorden i 1997 og i oppfølginga i 2000
- prosjektet i 1997 og oppfølginga i 2000 burde vore innarbeidd i skolane og kommunen sin strategiplan slik at alle var betre førebudde
- prosjektet har tilført skolane erfaring med noko dei hadde behov for: Å bli vurdert av eksterne partar. Skolane og lærarane har behov for eksterne samtalepartnarar som hjelper til med å setje i gang prosessar
- prosjektet har ført til at elevar og foreldre er tekne med som informantar i oppfølginga, det er positivt
- prosjektet har hatt god samanheng med det som skjedde i 1997 og oppfølging i 2000
- prosjektet var nybrottsarbeid, det har vore interesse for prosjektet ut over fylkesgrensene, frustrasjonane frå starten av prosjektet i 1997 er nå nesten borte
- skolesjefen er godt nøgd med det prosjektet har ført til så langt

Det vi har gjort i dette prosjektet, er forsøksverksemd. Utdanningskontoret har ikkje kapasitet til å følgje opp mange kommunar på same måten. Modellen som er brukt, kan brukast av andre kommunar med andre samarbeidspartar. Arbeidet med ekstern vurdering bør halde fram i Finnøy kommune. Skolesjefen bør vurdere og finne løysingar på korleis arbeidet kan følgjast opp. Ut frå kommentarane frå rektorane bør den eksterne vurderinga inn i kommunen og skolane sine planar.

Utdanningskontoret si første vurdering av samla informasjon viser tre utviklingsområde som er felles for alle skolane i Finnøy:

- Prosjektarbeid som metode
- Elevmedverknad
- Foreldremedverknad

Vurdering av metode:

Utdanningskontoret er samd med rektorane og skolesjefen i at det burde vore sett av betre tid til oppfølginga på kvar skole, helst ein heil dag. Då kunne noko av tida vore brukt til observasjon på område skolen sjølv ville at dei eksterne partane skulle sjå i tillegg til intervju. Grunnlagsmaterialet som blei sendt utdanningskontoret, gir god informasjon. Eigenvurderinga er ein viktig del av denne.

Andre emne

PPT/spesialundervisning

Skolesjefen meiner PP-tenesta fungerer godt. Endå om det har vore redusert bemanning og sjukemelding i seinare tid, har PPT makta arbeidet med sakkunnige tilrådingar om spesialundervisning. Rektorane meinte at dei ikkje fekk god nok hjelp frå PPT. Skolesjefen informerte om PPT som samarbeidspart for den einskilde skolen i systemretta arbeid, og korleis PPT sin kompetanse betre kunne nyttast ut frå den einskilde skolen sitt behov.

Det er no tilsett psykolog i ledig stilling frå 1. juni 2000.

Kommunen praktiserar ei ordning der elevar som får tilrådd 5 timar pr veke eller mindre etter sakkunnig vurdering ikkje blir tildelte timar etter enkeltvedtak. Skolane skal leggje til rette opplegg for desse elevane innanfor skolen si ramme for tilpassa opplæring. Skolesjefen meiner elevrettane blir ivaretekne ved denne ordninga.

Utdanningskontoret gjorde det klart at det ikkje er i samsvar med opplæringslova å setje eit bestemt timetal som kriterium for å tildele ressurs til spesialundervisning. Den enkelte sine rettar til individuell vurdering og sakkunnig tilråding vil bli sett til sides ved ein slik praksis. Kommunen må derfor endra praksis på dette området.

Musikk- og kulturskoletilbodet

Rektor for musikkskolen Anders Aabø orienterte.

Som rektor for musikkskolen synest han det er viktig at musikkskolen blir eit supplement til skolen si opplæring i musikkfaget. Musikkskolen i Finnøy er brukarorientert. For 2 år sidan vart det gjennomført ei brukarundersøking som blei brukt ved utviklinga av musikkskoletilbodet. Finnøy har utvikla ein modell som byggjer på lokale ressurspersonar og deira kompetanse, ein desentralisert modell som gjer at det er musikkskoleaktivitet på alle øyane. Dette gjer at lærarstaben er stabil. Tilbodet blir noko avgrensa og elevar som ønskjer meir avanserte tilbod får høve til å få slike tilbod andre stader.

Musikkskolen skal saman med skolen gje opplæring til ein livslang ”fritidsaktivitet”.

Musikkskolen ser på elevane som gode ”ambassadørar” for kommunen.

I forhold til nasjonalt mål om at 30 % av elevane i grunnskolen skal delta i musikkskolen, ligg Finnøy godt an. Ein opererer med ventelister, men dei er ikkje lange.

Det er vedtatt at musikkskolen frå hausten skal vera musikk- og kulturskole med eit allsidig tilbod. Økonomien for musikkskolen er akseptabel.

SFO

Ombo skole har ikkje SFO, men elles har alle skolane i kommunen tilbodet. Kommunen opplever auka behov for SFO ved at spørsmål etter plass er større.

Møte med politisk og administrativ leiing i kommunen

Personalrekruttering

GSI for 1999/2000 viser at Finnøy er ein av dei kommunane i Rogaland som har flest lærarar utan formell utdanning. Skolesjefen opplyste at det så langt såg ut til å bli betre neste år.

Skolebygg og uteområde

Rådmannen orienterte om at alle skolane nå har relativt nye bygg eller er rehabiliterte bortsett frå Fogn. Romprogrammet for Fogn har passert kommunestyret, og planlegginga er godt i gang. Ombo får ein flott skole (samarbeid mellom Hjelmeland og Finnøy). Uteområda er gode for skolane på Finnøy – nå vil også uteområdet på sentralskolen bli utbetra.

Økonomi

Det går fram av økonomiplanen at Finnøy kommune grunna høg investeringstakt og auka krav til servicenivå på fleire område, ser seg nøydd til å redusera budsjetta til skolen.

Sidan Finnøy-skolane ligg på minstetimetaket, må nedskjeringane takast frå delingstimar og spesialundervisning. Skolesjefen meiner at ei ytterlegare nedskjering ikkje kan takast frå ramma for undervisning.

Det går fram av GSI-statistikken at det er ein relativt liten %-del av Finnøy-elevane som får spesialundervisning og at summen av timar til spesialundervisning og styrking utanom tilvalsfag i Finnøy er om lag som gjennomsnittet for Rogaland og landet totalt. Utdanningsdirektøren kan såleis heller ikkje sjå at det er mogleg å finne store innsparingar her.

Skolemønsteret

Vi fekk opplyst at det var brei politisk semje om å halde på det skolemønsteret kommunen har.

Styrking av administrasjonsressursen ved skolane

Det er ikkje gitt ekstraressursar til å styrkje administrasjonen ved skolane. Skolane har høve til å omprioritere innafor den ramma dei har, men det er lite som tyder på at dei finn rom for slike omprioriteringar – sjølv om rektorane i fleire år har peika på behov for meir kontorhjelp.

Utviklingsområde for kommunen

I forhold til oppfølginga av Finnøy-prosjektet vil ulike utviklingsområde for kommunen og den enkelte skolen komme fram i rapporten som vil liggje føre i august 2000.

Utdanningskontoret vil her berre peike på nokre få område ut frå samtalanene med politisk og administrativ leiing.

Kommunen har satsa på skolebygg og utstyr dei siste åra. Etter utdanningskontoret si vurdering vil kommunen, når Fogn skole er ferdig, ha gode funksjonelle skolar i heile

kommunen. Det same gjeld uteområda, når kommunen får gjort noko med uteområda til sentralskulen.

Situasjonen med kvalifisert lærarpersonale synest å vere vanskeleg. Det er ikkje sett inn særskilte tiltak for å styrkje rekrutteringa av godkjent lærarpersonale. Kommunen bør sjå på om det er mogleg å ta i bruk særskilte tiltak for å rekruttera og behalda lærarar med godkjend utdanning.

Kommunen sine økonomiske nedskjeringar dei siste åra har resultert i strame rammer for skolane. Det er viktig at kommunen prioriterer slik at dei kan oppretthalda ein god skole i Finnøy. I den samanhengen bør kommunen sjå nærare på administrative ressursar og rektors rolle/aktor sitt arbeid. Kor mykje kostar det at rektor gjer kontorteknisk arbeid og kva går det ut over?

Den grensa kommunen har sett for å tildele spesialundervisning ved enkeltvedtak er ikkje i samsvar med opplæringslova. Alle elevar som etter sakkunnig vurdering har rett til spesialundervisning, skal kunne få slik opplæring. Foreldra skal også ha høve til å klage på dei vedtaka kommunen fattar. Slik utdanningskontoret vurderer kommunen sin praksis, blir elevar som har behov for 5 timar pr veke eller mindre, fråteke retten til å klage. Utdanningskontoret vil i denne samanhengen rå til at ein kvantifiserer spesialundervisninga i årstimetal i tråd med L97 sine timeoppsett.

Systemretta arbeid og bruk av PPT sin kompetanse i forhold til den enkelte skole sitt behov, reknar vi med at kommunen vil arbeide vidare med i samheng med Samtak-programmet.

Avsluttande merknader

Finnøy kommune viser vilje til endring og utvikling ved å vektleggje skolevurdering. Utdanningskontoret ser positivt på det gode samarbeidet mellom Finnøy kommune og utdanningskontoret når det gjeld Finnøy-prosjektet.

Gjennom oppfølginga av Finnøy-prosjektet og kontaktbesøket har utdanningskontoret fått eit godt innsyn i utviklinga i skolesektoren og av dei einskilde skolane.

Statens utdanningskontor er nøgd med opplegget og gjennomføringa. Det gav nyttig informasjon å møte ulike grupper til samtale.

Statens utdanningskontor takkar Finnøy kommune for eit verdfullt og vel tilrettelagt kontaktmøte. Vi ønskjer lukke til med det vidare arbeidet med utviklinga av skolane i kommunen.